

## KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/54/37

av 22. november 2010

**om tilbakekalling av godkjenninga av Georgia med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av sertifikat**

[meld under nummeret K(2010) 7966]

(2010/705/EU) (\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 20 nr. 2,

med tilvising til ei ny vurdering av samsvar som Kommisjonen har gjort med omsyn til Georgia i medhald av artikkel 21 nr. 1 i direktiv 2008/106/EF, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Medlemsstatane kan ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikatane som tredjestatar har utferd til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent at den aktuelle tredjestaten oppfyller krava i den internasjonale konvensjonen om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve (STCW-konvensjonen)<sup>(2)</sup>.
- 2) Georgia er godkjend på EU-plan i medhald av den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 18 nr. 3 bokstav c) i europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/25/EF av 4. april 2001 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå<sup>(3)</sup>, ettersom georgiske sertifikat som er godkjende av Italia og Hellas, er offentleggjorde i Tidend for Den europeiske unionen<sup>(4)</sup> og difor framleis er gyldige i samsvar med artikkel 19 nr. 5 i direktiv 2008/106/EF, sjølv om direktiv 2001/25/EF er vorte oppheva.
- 3) Kommisjonen vurderte systema for maritim utdanning, opplæring og sertifisering i Georgia i samsvar med artikkel 21 nr. 1 i direktiv 2008/106/EF, for å kontrollere om denne staten framleis oppfyller krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Under denne vurderinga, som vart gjort på grunnlag av resultatane av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i september 2006, vart det oppdaga fleire manglar.

- 4) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultatane av vurderinga av samsvaret.
- 5) Ved brev av 27. februar 2009 og 23. mars 2010 ba Kommisjonen følge dei georgiske styresmaktene om å leggje fram prov på at dei manglane som vart oppdaga under vurderinga, er handsama på høveleg måte.
- 6) I dei tilfella der det vart oppdaga manglar under vurderinga av samsvaret med STCW-konvensjonen har dei georgiske styresmaktene ved brev av 1. mai 2009, 12. januar 2010, 17. februar 2010 og 14. april 2010 sendt over til Kommisjonen visse opplysningar om gjennomføringa av korrigerande tiltak for å rette opp desse manglane.
- 7) Den vurderinga som Kommisjonen gjorde av svara frå dei georgiske styresmaktene, viste at dei opplysningane som var lagde fram, berre gjaldt ein svært liten del av desse manglane samstundes som størstedelen av dei manglane som vart oppdaga under vurderinga, framleis ikkje var retta opp. Desse manglane gjeld fleire avsnitt i STCW-konvensjonen og særleg manglande nasjonale føresegnar for gjennomføringa av visse krav i STCW-konvensjonen, særleg med omsyn til innføring av eit kvalitetsstandardsystem og bruk av simulatorar, verkemåten til kvalitetsstandardsystemet både i forvaltninga og i visse institusjonar for maritim utdanning og opplæring, forvaltninga si overvaking av desse institusjonane og fleire sertifiseringskrav i samband med verksemd både på dekk og i maskinrommet.
- 8) Desse avvika gjeld fleire sentrale føresegnar i STCW-konvensjonen og kan påverke det generelle kompetansenivået til sjøfolk med georgisk sertifikat.

(\*) Denne unionsrettsakten, kungjort i EUT L 306 av 23.11.2010, s. 78, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 112/2012 av 15. juni 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 4.10.2012, s. 35.

<sup>(1)</sup> TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

<sup>(2)</sup> Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.

<sup>(3)</sup> TEF L 136 av 18.5.2001, s. 17.

<sup>(4)</sup> TEU C 268 av 7.11.2003, s. 7 og TEU C 85 av 7.4.2005, s. 8.

- 9) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane frå georgiske styresmakter viser at Georgia ikkje fullt ut oppfyller dei relevante krava i STCW-konvensjonen, og Den europeiske unionen bør difor kalle tilbake godkjenninga si av Georgia.

- 10) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Godkjenninga av Georgia i samsvar med artikkel 18 nr. 3 bokstav c) i direktiv 2001/25/EF vert tilbakekalla med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av dei sertifikata som denne staten utferdar.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. november 2010.

*For Kommisjonen*

Siim KALLAS

*Visepresident*